

Ark.no. 412.5 Torsk

Bergen, 3.7.1984
TLØ/THH

MELDING FRÅ FISKERIDIREKTØREN

J. 131/84.

ENDRING I FORSKRIFTER AV 15. DESEMBER 1983 NR. 1824 OM FISKE ETTER TORSK NORD FOR 62⁰ N.BR. I 1984 MED KONVENSJONELLE REISKAPAR OG MED SLIKE REISKAPAR I KOMBINASJON MED TRÅL (TORSKEREGLERINGSFORSKRIFTENE).

Med heimel i § 4, jfr. §§ 1 og 6 i Lov av 17. juni 1955 om saltvannsfiskeriene, jfr. kgl.res. av 17. januar 1964, § 5 i Lov av 20. april 1951 om fiske med trål, jfr. kgl.res. av 11. januar 1974 og §§ 10 og 10b i Lov av 16. juni 1972 om regulering av deltakelsen i fisket har Fiskeridepartementet den 26. juni bestemt:

I

I forskrifter av 15. desember 1983 nr. 1826 om fiske etter torsk nord for 62⁰ n.br. i 1984 med konvensjonelle reiskapar og med slike reiskapr i kombinasjon med trål, (Torskereguleringsforskriftene), gjer ein fylgjande endringar:

§ 7 første ledd skal lyde:

Fartøy med konsesjon for trålfiske etter reker, jfr. midlertidige forskrifter om adgangen til å drive trålfiske etter reker av 23. juni 1978 (reketrålforskriftene), kan i 1984 ikkje fiske meir enn totalt 5500 tonn torsk rund vekt i området nord for 62⁰ n.br.

§ 7 andre ledd skal lyde:

Kvart fartøy som har konsesjon for trålfiske etter reker kan i 1984 ikkje fiske meir enn 175 tonn torsk rund vekt i området nord for 62⁰ n.br. Fartøy som i 1984 blir tildelt konsesjon for trålfiske etter reker kan ikkje fiske meir enn 175 tonn torsk rund vekt i tidsrommet 15. mai 1984 til og med 31. desember 1984 eller meir enn 400 tonn torsk rund vekt i tidsrommet 1. januar 1984 til og med 31. desember 1984 i området nord for 62⁰ n.br.

II

Denne forskrift trer i kraft straks.

Etter disse endringane har forskriftene denne ordlyden:

FORSKRIFTER OM FISKE ETTER TORSK NORD FOR 62⁰ N.BR. I 1984 MED KONVENSJONELLE REISKAPAR OG MED SLIKE REISKAPAR I KOMBINASJON MED TRÅL (TORSKEREGLERINGSFORSKRIFTENE).

Kap. I.

Utvida helgefredning, periodar med fiskestopp og avgrensing i garnmengda.

§ 1

Utvida helgefredning.

I området nord for 62⁰ 11,2' n.br. er det forbode å fiske etter torsk med andre reiskapar enn trål og ruser og å ha andre reiskapar enn ruser ståande i sjøen for fiske etter torsk frå fredag kl 2400 til søndag kl 2400 i tida frå 8. juni til og med 17. september 1984.

For fiske med snurrevad gjeld forbodet etter første ledd frå fredag kl 2400 til måndag kl 2400.

Reiskap som grunna uver ikkje kan dragast innan forbodstida etter første og andre ledd tek til, skal dragast så snart rå er etter at verhindringa er over.

Fiskestopp.

I området nord for 62⁰ 11,2' n.br. er det forbode å fiske etter torsk med andre reiskapar enn trål og ruser og å ha andre reiskapar enn ruser ståande i sjøen for fiske etter torsk:

- a) frå laurdag 21. januar 1984 kl 2400 til søndag 29. januar 1984 kl 2400.
- b) frå fredag 2. mars 1984 kl 2400 til måndag 5. mars 1984 kl 2400.
- c) frå torsdag 12. april 1984 kl 2400 til søndag 6. mai 1984 kl 2400.

Forbodet under første ledd bokstav c gjeld ikkje for fiske med juksa og line i tida frå søndag 29. april 1984 kl 2400 til søndag 6. mai kl 2400. Forbodet under første ledd bokstav c gjeld heller ikkje for Finnmark i tida frå søndag 29. april 1984 kl 2400 til søndag 6. mai kl 2400.

For fiske med snurrevad gjeld forbodsperioden etter første ledd a) til måndag 30. januar 1984 kl 2400, forbodsperioden etter første ledd b) til tysdag 6. mars 1984 kl 2400 og forbodsperioden etter første ledd c) til måndag 7. mai 1984 kl 2400 og måndag

30. april kl 2400 for Finnmark.

I området nord for 67⁰ n.br. er det forbode å fiske etter torsk med andre reiskapar enn:

- a) trål, juksa og ruser og å ha andre reiskapar enn ruser ståande i sjøen for fiske etter torsk frå fredag 29. juni 1984 kl 2400 til søndag 5. august 1984 kl 2400.
- b) trål og ruser og å ha andre reiskapar enn ruser ståande i sjøen for fiske etter torsk frå fredag 14. desember 1984 kl 2400 til måndag 31. desember 1984 kl 2400.

For fiske med snurrevad gjeld forbodsperioden etter fjerde ledd a) til måndag 6. august 1984 kl 2400.

Reiskap som grunna uver ikkje kan dragast innen forbodstidene etter denne paragraf tek til, skal dragast så snart råd er etter at verhindringa er over.

§ 3

Sportsfiske.

Forbodet mot fiske etter torsk i §§ 1 og 2 gjeld og sportsfiske. Utan hinder av dette forbodet kan det likevel fiskast til eige konsum med stong og handsnøre. Fisket må avgrensast til dei kvanta av torsk som går med til eigen huslyd sin trong for fersk fisk i forbodsperiodane nemnde i §§ 1 og 2.

Fangst som nemnd i første ledd kan ikkje omsetjast eller tilverkast for sal.

Fiske med juksa-maskin vert ikkje å rekne som handsnøre etter denne paragrafen.

§ 4

Bifangst.

I periodane med forbod mot fiske etter torsk, jfr. §§ 1 og 2, er det forbode å ta større bifangstar av torsk ved fiske etter andre fiskeslag enn 15 % aust for Sværholt i Finnmark og 10 % i andre kystområder, begge rekna i vekt av heile fangsten om bord eller ved landing.

Garnmengde.

Ingen båt må bruke fleire garn enn det som kan røktast dagleg.

KAP. II.

Kvoteregulering av fartøy som fiskar etter torsk berre med konvensjonelle reiskapar og fartøy som fiskar med slike reiskapar i kombinasjon med reke-trål og trål.

§ 6

Maksimalkvote for farty som fiskar med konvensjonelle reiskapar.

Kvart farty som fiskar torsk med andre reiskapar enn trål kan i 1984 ikkje fiske meir enn 400 tonn torsk rund vekt i området nord for 62⁰ n.br. Farty som har konsesjon for å drive trålfiske etter torsk, jfr. forskrifter om tildeling av tillatelse til å drive fiske med trål av 28. april 1978, og som driv slikt fiske i kombinasjon med garn, line eller juksa kan heller ikkje fiske meir enn 400 tonn torsk i nemnde område.

Farty som har fiska opp maksimalkvoten etter første ledd kan ved fiske etter andre fiskeslag taka 10 % bifangst av torsk rekna i vekt av heile fangsten i kvar landing. Bifangst av torsk som overstig 10 % skal reknast som overfiske av maksimalkvoten etter første ledd.

§ 7

Kvote for farty med konsesjon for reke-trålfiske.

Farty med konsesjon for trålfiske etter reker, jfr. midlertidige forskrifter om adgangen til å drive trålfiske etter reker av 23. juni 1978 (reke-trålforskriftene), kan i 1984 ikkje fiske meir enn totalt 5.500 tonn torsk rund vekt i området nord for 62⁰ n.br.

Kvart farty som har konsesjon for trålfiske etter reker kan i 1984 ikkje fiske meir enn 175 tonn torsk rund vekt i området nord for 62⁰ n.br.

Kvart fartøy som har konsesjon for trålfiske etter reker kan i 1984 ikkje fiske meir enn 175 tonn torsk rund vekt i området nord for 62⁰ n.br. Fartøy som i 1984 blir tildelt konsesjon for trålfiske etter reker kan ikkje fiske meir enn 175 tonn torsk rund vekt i tidsrommet 15. mai 1984 til og med 31. desember 1984 eller meir enn 400 tonn torsk rund vekt i tidsrommet 1. januar 1984 til og med 31. desember 1984 i området nord for 62⁰ n.br.

Fiskeridirektøren kan stoppe fisket når det er utrekna at totalkvoten etter første ledd er oppfiska.

Etter at totalkvoten etter første ledd er oppfiska kan det ved fiske etter andre fiskeslag takast 10 % bifangst av torsk rekna i vekt av heile fangsten i kvar landing. Denne bifangstregelen gjeld og for farty som har fiska opp kvoten etter andre ledd før fisket er stoppa etter tredje ledd. Bifangst av torsk som overstig 10 % skal reknast som overfiske av kvoten etter andre ledd.

§ 8

Kvoteregulering av farty med konsesjon både for reketrålfiske og torsketrålfiske.

Reglane i § 7 gjeld og for farty og som kjem inn under § 6 punkt 2 i forskrifter om regulering av trålfiske etter torsk nord for 62⁰ n.br. i 1984 av 15. desember 1983, som i tillegg til konsesjon for trålfiske etter reker også harkonsesjon for trålfiske etter torsk, jfr. forskrifter om tildeling av tillatelse til å drive fiske med trål av 28. april 1978.

KAP. III.

Maksimalkvote for farty som driv fiske med garn og line etter botnfisk i andre lands soner.

§ 9

Farty som driv fiske med garn og line etter torsk, hyse, sei, kveite, blåkveite, pigghå, lange, blålange og brosme i sonene til andre land kan i 1984 ikkje fiske meir enn totalt 175 tonn torsk rund vekt med andre reiskap enn trål i norsk sone mellom 62⁰ n.br. og 65⁰ n.br. og i området nord for 65⁰ n.br. og aust for 0-meridianen.

Sonene til andre land omfattar i §§ 9, 10 og 11 EF-sona, færøysk sone, islandsk sone og NAFO-området.

§ 10

Registreringsplikt og reglar om overfiske.

Farty som i 1984 vil drive fiske med garn og line i sonene til andre land etter dei fiskeslaga som er nemnde i § 9 må seinast 13. februar 1984 registrerast hos Fiskeridirektøren.

Farty som har overfiska kvoten etter § 9, første ledd, eller som ikkje seinast 13. februar 1984 er registrert etter § 10, kan i 1984 ikkje drive fiske med garn og line i sonene til andre land etter dei fiskeslaga som er nemnde i § 9. I slike tilfeller gjeld maksimalkvoten på 400 tonn i § 6.

Utan omsyn til forbudet i andre ledd kan Fiskeridirektøren tillate eit farty å drive slikt fiske i sonene til andre land som nemnd i § 9, når overfisket av maksimalkvoten etter § 9 blir inn-dregen av vedkommande salgslag, jfr. § 10b i lov om regulering av deltakelsen i fisket av 16. juni 1972.

§ 11

Bifangst.

Farty som har fiska opp kvoten sin etter § 9 kan ved fiske etter andre fiskeslag taka 10 % bifangst av torsk rekna i vekt av heile fangsten i kvar landing. Bifangstar som overstig 10 % skal reknast som overfiske av kvoten etter § 9.

KAP. IV.

Utfyllande reglar.

§ 12

Fiskeridirektøren kan gi forskrifter om gjennomføring og utfylling av desse forskriftene.

KAP. V.

Straffereglar.

§ 13

Aktlause eller forsettlege brot på desse forskriftene og medverknad til slike brot blir straffa med bøter, jfr. § 69 i lov om saltvannsfiskeriene og § 11 i lov om regulering av deltakelsen i fisket av 16. juni 1972 og § 13 i lov av 20. april 1951 om fiske med trål.

KAP. VI.

Iverksetting.

§ 14

Desse forskriftene trer i kraft 1. januar 1984. Samstundes blir midlertidige forskrifter av 22. november 1983 om fiske etter torsk nord for 62⁰ n.br. i 1984 med konvensjonelle redskaper og med slike redskaper i kombinasjon med trål oppheva.
